

Justis- og beredskapsdepartementet
postmottak@jd.dep.no

25.04.2022
dykkar ref. 27/371

Høyringsuttale, strukturendringar for domstolane

Me syner til Justis- og beredskapsdepartementet sitt høyringsbrev av 26. januar 2022, og framlegget til endring i domstolstrukturen. Vik Senterparti gir med dette uttale i saka.

Senterpartiet fekk 46,6 % av stemmene frå Vik kommune ved stortingsvalet i 2021. Dette syner ei sterk støtte i vår kommune for ein politikk som garanterer for at statlege tenester og arbeidsplassar skal være godt tilgjengelege også for dei som bur i regionar med små lokalsamfunn.

For innbyggjarane i Vik kommune sin del, og dessutan for våre nabokommunar i Sogn, er det nedlegging av jordskifteretten i Sogndal som råkar oss direkte. Det er denne som no ikkje får lokal leiing, og som vil bli svekka ved å opphalda den strukturen som vart innført av førre regjering. Stortinget sitt førre vedtak om domstolstrukturen førte til at domstolane i Sogndal og på Eid vart nedlagde og det vart oppretta ein domstol i Sogn og Fjordane med hovudsete i Førde. Jordskiftekontora på Nordfjordeid og Sogndal fekk status som «bemanna rettsteder», utan lokal leiing. Vik Senterparti vurderer jordskiftemiljøa i Sogndal og på Eid å få ei sær s utrygg framtid. Så lenge jordskifterettane ikkje vert oppretthaldne som sjølvstendige domstolar, med eigne rettskretsar, lokal leiing og eigne budsjett, vil rettsstadene kunne endrast og nedbemannast, og ressursar kan reint administrativt flyttast frå rettsstadene og inn mot hovudkontoret.

Jordskifteretten er ein viktig samfunnsaktør. Nærleik til jordskifteretten er viktig for innbyggjarane, og ikkje minst for landbruks- og utmarksnæringane. Eigendomar må ha ei tidsrett utforming, og vilkår der dei fungerer godt, dette er heilt essensielt for at dei kunne gi grunnlag for verdiskaping. I tidsskriftet Betre Gardsdrift, utgåve 2-2022, sto nyleg ein artikkel av sivilagronom Olav Magne Tonstad, som stadfestar nettopp det.

Me er samde i høyringsnotatet frå departementet der det seier at lokale jordskifterettsleiarar vil sikre domstolen si stemme i allmenta. Dette er eit sær viktig poeng. At leiarane er personleg til stades i lokalsamfunna skaper engasjement for nettopp lokalsamfunnet. Eit fokus på regionen i domstolen sitt arbeid aukar den personlege kunnskapen om regionen, noko som òg vil sikre at det vert gjort gode vurderingar og at avgjersler vert tekne på rett kulturelt grunnlag.

Utgangspunktet til Regjeringa er «å gjeninnføre strukturen for domstolane før domstolsreforma av 2021, for å ivareta innbyggjarane sin rettstryggleik og sikre sjølvstendige domstolar med stadleg leiing, med unntak for domstolar der domstolsleiar, kommunane i rettskretsen og dei tilsette gjennom sine tillitsvalde er samde om å oppretthalde dagens struktur.»

VIK SENTERPARTI



Vik Senterparti sluttar seg til regjeringa sitt grunnleggande standpunkt og målsetting om at ein skal ha ein domstolsstruktur som best sikrar innbyggjarane god rettstryggleik og lett tilgjengelege tenester. Jordskifteretten i Sogndal skal fungere som ein problemløysar for tvistar knytt til fast eigedom og rettar til eigedomar i Sogn, og må sikrast varig å vera ein sjølvstendig domstol med lokal leiing i Sogndal.

Vik Senterparti vil òg understreka verdien av å sikra Sogndal, som Sogn sitt regionsenter, eit sterkast muleg juridisk fagmiljø. Dette vil gjera det muleg å sikra innbyggjarane eit best muleg tenestetilbod òg frå Sogn og Fjordane tingrett, ved at «Sogn og Fjordane-modellen» kan innførast slik som på Eid.

Ein sjølvstendig domstol i samarbeid med tingretten vil sikre grunnlaget for eit levedyktig advokatmiljø i regionsenteret.

Det er dessutan eit regionalpolitisk poeng, og ein markør for regionsenteret, at Sogndal er vertskommune for ein sjølvstendig domstol for sogningane.

Vik Senterparti tilrår at gjeldande struktur for Sogn og Fjordane jordskifterett vert endra tilbake til ordninga før domstolreforma i 2021. Vik Senterparti vil at Indre Sogn jordskifterett skal vera ein sjølvstendig domstol med tilhøyrande lokal domstolleiing.

Me legg ved utdrag frå møtebok for formannskapet i Vik kommune den 7. april 2022, der Vik Senterparti sitt framlegg til uttale frå kommunen går fram.

Med helsing Vik Senterparti

Marianne Bøthun
Partileiar

Siri Wølneberg Bøthun
gruppeleiar

VEDLEGG 1: Høyringsvar frå Vik Sp

VEDLEGG 2: Protokoll formannskapet i Vik kommune med framlegg til uttale frå Vik Sp